



hoyring@helse-fonna.no

Vår ref: (oppgje ved kontakt)  
2017/207

Dykkar ref.:  
2016/2590

Saksbeh.: Kristine Brix Longfellow  
tlf: 9064 0123

Førde,  
21.02.2017

## Høyring - Rapport frå prosjektet for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

Prosjektrapporten Odda sjukehus er lest i lys av Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019). Rapporten ber preg av at dei har brukt utviklingsprosjektet «Framtidas lokalsjukehus – Nordfjord sjukehus» i sine vurderingar.

Helse Førde har funne mange erfaringar som støttar opp om den utviklinga som vert skissert i rapporten ang.:

- Eldre befolkning
- Ha stort fokus på storbrukarane
- Utvikle spesialisthelsetenestene det er viktig å ha nært pasientane (kronikarar, eldre, pasientar med samansette behov) på lokalsjukehusa
- Fleire polikliniske tilbod, tilpassa befolkninga i området
- Behov for tett samhandling med kommunehelsetenestene med klare avtalar, ansvarspressiseringar og endring i oppgåvedeling
- Utvikle sjukehus i nettverk for å styrke fagleg kvalitet og likskap i tilbod – klår oppgåvedeling og samarbeid

Helse Førde har erfaring med 12 år utan akuttkirurgisk tilbod på lokalsjukehusa, utan at vi kan vise til situasjonar som har vore uforsvarlege. I den Nasjonale sjukehusplan vert Helse Førde dratt fram som eit eksempel der dette har lykkast på ein god måte. Vi ser og at utviklinga av det kirurgiske fagfeltet går mot meir og meir spesialisering og større behov for sentralisering av tilbod, medan det innan det indremedisinske fagfeltet og ikkje minst fagfeltet psykisk helse og rus går mot større trong for desentrale tilbod. For Helse Førde har det vore viktig å styrke tilbodet til pasientane innan desse fagfelta. Lokalsjukehusa i Helse Førde skal vere gode på det pasientane treng mest av tenester nær heimen.

Helse Førde har rett før årsskiftet endra rutinane soleis at stadleg leiing i dei to lokale sjukehus nå vert ein del av føretaksleiinga, dette for å sikre involvering og forankring. Føretaksleiinga gleder seg til å sjå den vidare utvikling av eit nytt prosjekt «Samarbeidande sjukehus – organisering av fag i nettverk, stadleg leiing si rolle», i tråd med den nasjonale sjukehusplan.



Helse Førde HF  
Administrasjon  
Fag og utviklingsavdeling  
**Fagdirektøren**

Postadresse:  
Postboks 1000  
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

[post@helse-forde.no](mailto:post@helse-forde.no)

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

Org.nr: 983 974 732

Framtida vil vise korleis fordelinga av funksjonar og aktivitetar vil forandre seg i regionen, der noko vil bli sentralisert, mens andre tilbod vil vere viktig og nødvendig å bevare lokalt. Vestlandet med sin geografi, topografi og demografi har særlege utfordringar som vert spennande å løyse i framtida. Helse Førde ønskjer Odda sjukehus lykke til vidare med arbeidet.

Med helsing

Kristine Longfellow  
Fagdirektør

*Elektronisk signert.*

Kopi: Helse Vest, Postmottak